

Fyrstkomande laurdag vert det pub-kveld m/musikk i Dønhaugkjedlaren. Robert Smith-Hald vil stå for musikken. I tillegg har han med seg den eminente gitaristen , Vegard Henanger. For dei fleste i Kvinnherad er Robert eit kjent musikknamn, etter fleire besøk på Dønhaug og på Festidalen

Robert er fødd og oppvaksen i West Chester Pennsylvania i eit lite nesten sjølvforsynt, bortgøymd trussamfunn kalla Camphill. I oppveksten var pop og rock strengt forbode, berre klassisk musikk vart i enkelte høve akseptert.

Heldigvis for alle musikkelskarar makta han å lausriva seg frå denne livssituasjonen, og etter at han kom til Norge har han gjennom fleire år vorte ein del av musikkmiljøet i Bergen.

I 2009 kom debutalbumet "Innocence Said", som hausta strålende kritikkar med blant anna terningkast fem i Dagbladet. I 2012 kom det andre albumet, "Thou Mayest".

Dette vart spela inn i Nashville saman med bl.a. legender som Paul Griffith (John Prine) og Reese Wynans (Stevie Ray Vaughan-Double Troubl), og med Erick Jaskowiak og norske ORBO som produsentar. Dette er eit americana, folk-rock album.

Nashville og dei talentfulle musikarane som er med har gjort dette til eit eksepsjonelt album. "The best music experience I ever had" –har Robert sjølv uttalt.

Robert er også ein dyktig øl-bryggjar, og har fleire gonger blitt Noregs-meister i ølbrygging, og har dei to siste åra vore dommar i Kvinnheradmeisterskapet i ølbrygging. Denne veka har han slutta som lærar, og starta i ny jobb som bryggerimeister på Hansa sitt mikrobryggeri, Waldemar i Bergen.

På laurdag vil han vera med og bryggja jula-ølet til Humlepungen bryggjarlag. Dette vil vera ein open bryggedag, der det er høve for bryggeinteresserte til å stikka innom .

Møt opp på Dønhaug og få ei svært god musikkoppleving på laurdag!

Magne Huglen



NRK laga eit intervju med Robert om livet hans og her er opptaket igang - på Dønhaug det også (Foto: Ola Matti Mathisen)